



Radøy kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1280 - 14/5427

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

20.05.2014

Særutskrift - Trafikksikringsplan

Sak 1: Trafikksikringsplanen

Alle heimar hadde fått info om at trafikksikringsplanen var ute til høyring med høve til å koma med innspel til FAU-leiar før møtet i SMU. Planen var også lagt ut på Manger skule si heimeside.

Mange viktige punkt er alt nemnd i planen. På møtet vart punkta nedanfor særskild omtala:

Langhøyane på Manger: her er det litt tilfeldig kvar ein går over/spring over vegen. Mange born går her til/frå skulen og til/frå ulike fritidsaktivitetar. Trengs fortau eller fartsdumpar.

Hellandskrysset står på 6. prioritet. Ynskjer høgare prioritet.

Gang- og sykkelvei sentrum-Solend. Birkeland-Helland + veglys.

Utbetring av tilhøva kring avlevering og henting av skuleborn ved Manger skule – mange farlege situasjonar gjennom året, særleg om vinteren når det er mørkt og glatt.

Utbetring av parkeringstilhøva for personalet, foreldre og andre besøkjande. Kan ein få vekk og planera ut litt i sør-austre delen av myra ved skulen si innkøyrsløp? Kva med myra på andre sida av vegen?

Gjerde mellom skuletomten og hovudvegen (sør for rundkøyringa). Mange både born og vaksne nyttar ein snarveg frå rundkøyringa istadenfor å bruka gangfeltet litt lenger nede – farlege situasjonar oppstår trass brev til heimane og samtalar i klassane.

Førebygging: politiet har i alle år bortsett frå 2013 delteke på skulen sin sykkeldag. Me har fått signal på at dette har dei ikkje kapasitet til lenger. (På skulen sin sykkeldag like etter

dette møtet møtte dei likevel opp saman med representant frå Trygg Trafikk og Brannvernet, så det kan henda det ordnar seg likevel). Skulen vil følgja dette opp i åra framover.

Viser for øvrig til hovudmålet i planen på s. 11: Skuleborna skal ha trafikksikre skulevegar på Radøy.

Med helsing

Silje Vikøren Palmesen
sekretær Manger skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Radøy kommune